

NORSKnytt

ISSN 0801 5368

- Bokomtale
- Hårete oppgaver
- Kryssord
- Elevtekstar
- Hårete kjelder
- Litterær fordjuping

- Hårete skriveoppgåver
- Barnelitteraturhistorie
- Hovudmåleseksamen 2017
- Kommaoppgåver
- Lærarkommentar
- Sidemåleseksamen 2017



REDAKTØR: TONJE NØRINGSET BJORDAL

Kva er Norsknytt?

Norsknytt er eit læremiddel i tidsskriftformat, særleg mynta på norsklærarar i ungdomsskulen. Eit overordna mål for tidsskriftet er å tilby lærarar kopieringsoriginalar, praktiske undervisningstips og fagleg oppdatering. Norsknytt ønsker å gi liv og variasjon til norskundervisninga.

Norsknytt blei starta opp av norsklæraren Jon Hildrum i Namsos i 1976. Nord-Trøndelag fylkeskommune finansierte i ei lengre periode utgjevinga av Norsknytt, for å sikre at tidsskriftet blei tilgjengeleg for alle ungdomsskulene i Nord-Trøndelag. Seinare har tidsskriftet spreidd seg til resten av landet.

Alle tekstane i Norsknytt er omfatta av opphavsrett, men lærarar kan fritt kopiere alt stoff som er tilrettelagt for elevar.

Sidan oppstarten har Norsknytt hatt to redaktørar. Norsklærer Jon Hildrum var redaktør frå 1976 til 2006. Norsklærer Øystein Jetne var redaktør frå 2007 til 2016. Norsklærer Tonje Nøringset Bjordal er redaktør frå 2016.

Vil du abonnere?

Eit årsabonnement (fire nummer per år) kostar 695,- kroner. Bestillinga kan sendast til:

Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

eller:

post@norsknytt.no

Bidragstytarar i dette nummeret:

Øystein Jetne
Astrid Johnsrud
Tonje Nøringset Bjordal

Tidlegare årgangar

Abonnentar på Norsknytt har høve til å bestille tidlegare årgangar til redusert pris. Porto og sendekostnader kjem i tillegg:

♦ Årgangane frå 1990 til 1992 kostar 50,- kroner per årgang.

♦ Årgangane frå 1993 til 2006 kostar 200,- kroner per årgang.

♦ Årgangene fra 2007 til 2016 koster 350,- kroner per årgang.

Innholdsliste for Norsknytt 4-2017

- 3 Leiar
- 4 Bokomtale: *Norsk barnelitteraturhistorie*
- 5 Litterær fordjuping
- 12 Introduksjon til hårete oppgåver
- 13 Hårete skriveoppgåver
- 14 Hårete kjeldeoppgåver
- 16 Hårete kommaoppgåver
- 18 Hårete kryssord
- 22 Hovudmålseksamen frå 2017 – oppgåver
- 23 Hovudmålseksamen frå 2017 – tekstkommentar
- 24 Hovudmålseksamen frå 2017 – anonym elevtekst
- 26 Sidemålseksamen frå 2017 – oppgåver
- 27 Sidemålsteksamen frå 2017 – tekstkommentar
- 28 Sidemålseksamen frå 2017 – anonym elevtekst
- 30 Omsetjingskryssord frå bokmål til nynorsk
- 34 Fasitsider
- 36 Bakside

NORSKnytt

Norsknytt slår ut håret

Dette nummeret av *Norsknytt* har stoff med eit ekstra originalt tema: hår. Dette er eit felt som kan vekke elevar som kanskje vanlegvis koplar norskfaget til tørre og høgthengande tema. Hår angår alle, liten og stor, ung og gammal, gutar og jenter. Alle har eit forhold til hår. Hår har i dette nummeret generelt både skriveoppgåver, kjeldeoppgåver, kryssord og kommaoppgåver. Vi håpar at dette kan vere ein alternativ innfallsvinkel til elles relativt tradisjonelle oppgåver.

Litterær fordjuping kan ha mange format på ungdomstrinnet. Fleire sider i dette nummeret har omfattande forslag til oppgåver og problemstillingar for eit litterært fordjupingsarbeid. Forslaga er delt inn i underkategoriar. Forslaga passar nok best for 10. trinn. Nokre av oppgåvene kan nok til og med vere vel utfordrande for ein gjennomsnittleg 16-åring, men differansen i vanskegrad kan vere fin å ha i bakhand med tanke på elevar som treng noko ekstra å bryne seg på. Oppgåvene under sosial kontroll og religion i litteraturen er blant dei meir utfordrande.

Elevsvar og lærarkommentarar til eksamen 2017 kan vere fine å diskutere anten i kollegiet, eller for elevar som førebur seg til eksamen våren 2018. Her er gode elevsvara på både nynorsk og bokmål. Innad i *Norsknytt*-redaksjonen har vi også drøfta i kva grad vi synest karakteren som er gitt dei ulike svara er riktig. Som norsklærarar veit, er det ofte diskusjon og usemje på dette feltet. Slik må det vere, til ei viss grad. Jo fleire svar ein ser på og diskuterer, jo betre grunnlag vil lærarar og sensorar likevel ha for å bli meir samstemte.

Nye, gode ungdomsbøker er alltid viktig å vidareformidle. Ein norsklærar har ikkje vanlegvis tid til å lese seg opp og halde oversikt over det som kjem ut på marknaden. Skulebibliotek ser dessverre i tillegg ut til å vere ein ikkje-fornybar ressurs, med alt det desse bidrar til når det gjeld å tilby god, oppdatert og passande litteratur for barn og ungdom. *Norsknytt*-redaksjonen prøver å samle korte skildringar av nokre nye ungdomsbøker som ungdommen forhåpentlegvis kan bite på.

Ny læreplan er på veg. Vi oppfordrar alle som har ei meining om kva element norskfaget skal innehalde, om å uttale seg. *Norsknytt* vil i tida framover ha fokus på dei nye kjerneelementa, samt nye omgrep og vinklingar på faget vårt. Djupnelæring vil vi også rette lupen mot i tida framover. Fornyng kan vere positivt, men kan også bidra til forvirring og frustrasjon. Her kan *Norsknytt* bidra til å stille spørsmål, prøve ut og komme med konkrete forslag til korleis ein teoretisk læreplan kan sjå ut i praksis.

Som alltid er redaksjonen interessert i alle former for innspel. Kontaktinformasjon finn du på motsett side.

Standardverk i ny utgåve:

Sterkt utvida versjon av ungdomslitteraturhistoria

Dersom du vil vere i stand til å gi elevane tips om norsk barne- og ungdomslitteratur, blir alt mykje enklare med den tredje utgåva av Norsk barnelitteraturhistorie.

Då førsteutgåva kom ut i 1997, fekk ho prisar både nasjonalt og internasjonalt. Dei tre forfattarane – Tone Birkeland, Gunvor Risa og Karin Beate Vold – har no omarbeidd boka ganske kraftig. Det har seg nemleg slik at den norske barne- og ungdomslitteraturen blomstrar som aldri før, og det har hendt mykje berre dei ti siste åra.

Eigarane av dei to første utgåvene skal vite at den første delen av boka, om litteraturen fram til 1970, er ganske uforandra. Det er dei 400 siste sidene som langt på veg utgjør ei heilt ny bok, med gjennomgang av nye forfattarskap, teksttypar, tema og skrivemåtar. Dei mange illustrasjonane og faksimilane skaper i seg sjølv leselyst.

Interessante innfallsvinklar

Forfattarane gjer det klart at det ikkje berre er ungdomsbøkene som eignar seg for ungdom. Mange av dei nye biletbøkene tek opp vanskelege tema og kan bli forstått på ulike måtar av dei heilt unge og av dei litt eldre lesarane. Dessutan er biletbøkene ein svært ettertrakta arena for kunstnarar og illustratørar, og det rike samspelet mellom teksten og bileta gir mykje å utforske.

Forfattarane understrekar elles at dei nye barnebokappane med innlagt lyd inneber bøker som er endå meir multimodale enn før, og kanskje ei endå større oppleving for lesarane. Eller kanskje ikkje, for med automatisert lesetempo blir det mindre naturleg for lesarane å stoppe opp og undre seg, og kanskje er det heller ingen vaksne å snakke med i nærleiken når nettboka snakkar av seg sjølv.

Også teikneseriane og teikneserie-romanane har fått sitt eige underkapittel, med omtalar av til dømes Nemi, Frode Øverli og Lene Ask. Eigne underkapittel finst

også for kriminalseriar, historiske barnebøker, samisk litteratur og sakprosa. Fire litterære tusenkunstnarar, som beveger seg i landskapet mellom skjønnlitteratur og sakprosa, har fått ekstra brei omtale: Jostein Gaarder, Erna Osland, Bjørn Sortland og Jon Ewo.

Gute- og jenteperspektiv

I det fyldige kapitlet om ungdomslitteratur viser forfattarane at den historiske romanen som før stod sterkt, no er skove heilt til sida av fantasybøkene og dystopiane. Problemrealisme og samfunnskritikk er mindre framtrèdande enn før. Motsett har identitetssøking, sjølvrefleksjon og livsmeistring fått større plass. Heltane no kan gjerne noko anna enn den vanlege heteroseksuelle helten. Og ikkje sjeldan har dei ein sjukdom eller ei sorg som dei må takle.

Forfattartrioen har delt kapitlet om ungdomsbøker i to. Først går dei gjennom bokfloraen med eit mannleg blikk, så med eit kvinneleg blikk. Denne oppdelinga fungerer nok godt for lærarar som vil tipse elevane om lesestoff, for særleg gutane er kresne på kva dei kan finne på å lese.


For mange elevar vil det vere fornuftig å utforske ungdomsbøker når dei arbeider med den norskfaglege fordjupinga. Den tredje utgåva inneheld mange tips om forfattarar og gode bøker. Helst bør alle skular ha ei slik bok, til glede for elevar og lærarar.

Tone Birkeland, Gunvor Risa og Karin Vold:

«Norsk barnelitteraturhistorie. 3. utvida utgåve»

Rettleiande pris: 499,- kroner

Det Norske Samlaget 2018



Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori A: layout og omslag



Korleis når bøkene ut til lesarane? Oppgåvene i denne kategorien tar for seg det som skjer rundt bøkene og lesinga, både før, under og etter lesing. Nokre bøker sel mykje meir på grunn av eit vellukka omslag, medan andre sel mindre fordi innpakkinga ikkje er freistande nok. Vanlege papirbøker har også fått konkurrerande digitale alternativ. Kva har formatet bøkene kjem i å seie for salet av bøker og utviklinga vidare?

#1	Omslaget til ei bok kan ha mykje å seie for kor mange lesarar ho får. Ta for deg omslaget til ei bok du har lese. Bruk dei retoriske appellformene etos, logos og patos og gjer ei analyse av omslaget. Ta for deg tittel, samandrag, skrifttype, omtale, bilde, fargar, utsnitt, symbol og eventuelt andre interessante sider ved omslaget. Reflekter deretter rundt kva omslaget kan ha å seie for salet av akkurat denne boka. Tel det positivt eller negativt inn? Yter det eventuelt innhaldet rettferd?
#2	Når ei bok blir filmatisert, får ho ofte nytt omslag som er identisk med filmlakaten, eller som viser skodespelarane i filmen. Kvifor gjer forlaga dette, trur du? Kor mange bøker gjeld dette? Finn minst fem bøker der dette har skjedd, og prøv å finne ut om dette har gjort noko med salstala av bøkene i etterkant.
#3	Lenge har det vore ein tradisjon for at jenter les meir enn gutar. Er det noko forskjell på korleis omslaget på ei bok appellerer til jenter og gutar? Kva skal til for at eit omslag appellerer til begge kjønn? Kva er det med omslaget som eventuelt utgjer denne skilnaden? Vel nokre bøker du vil ta utgangspunkt i og sjå på layout, fargar, skrift, innhald, bilete, teikningar, mønster og liknande. Drøft kva som gjer at ei bok blir meir populær hos det eine kjønn.
#4	Bokhandlar har tydelege utstillingar der dei viser fram ulike typar bøker, både nykomne bøker og bøker seljast på billigsal. Ta deg ein tur i to-tre bokhandlar og skriv ned kva sjangrar dei har utstilling av. Kva litteratur er framheva? Kva litteratur er på sal? Kvifor trur du det er slik. Samanlikne bokhandlane og reflekter rundt måten dei prøver å selje bøker på.
#5	Bøker kan ein få tak i mange stader: bokhandlar, bibliotek, loppemarknad, brukthandel, kiosk, internett og mykje meir. Kva er biblioteka si framtid? Vil det vere bibliotek i Noreg om femti år? Prøv å finne nokre tal som kan indikere kor mange bøker som blir lånt på eit bibliotek i året samanlikna med kor mange bøker som blir selt i ein bokhandel. Kva type bøker er mest lånt? Kven låner bøker?
#6	Forlaga i Noreg har mykje makt gjennom utval av kva litteratur som skal gjevast ut her i landet. Gjennomfør eit forlagsstudium. Kva for forlag har vi i Noreg? Kven er dei største? Er det nokon forskjell på kva type bøker dei ulike forlaga trykker? Bruk nettsidene til forlaga, ta kontakt med dei sjølv eller finn andre pålitelege kjelder som kan ha informasjon. Kom gjerne med døme på populære bøker som dei ulike forlaga står bak.
#7	Nedlastbare lydbøker, e-bøker, lesebrett og generelt bøker tilknytt internett og appar har dei siste åra kome inn som populære alternativ til vanlege papirbøker. Kva kan vere fordelar og ulemper med dei ulike måtane å lese ei bok på? Prøv gjerne å finne tal som kan vise kor mange som kjøper dei ulike variantane. Korleis kan utviklinga bli framover? Vil folk framleis ha behov for å gå i bokhandlar og på bibliotek og kjøpe vanlege papirbøker nokre år fram i tid?

Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori B: motiv- og temastudium



Motivet i ei bok eller i ein film kan vere eit fint objekt for vidare studium. Dette er fort å forveksle med tema, som handlar om det som ligg mellom linjene og det forfattaren vil ta opp med teksten sin. Motiv kan ein samanlikne med den situasjonen ein bildekunstnar er i når han eller ho skal lage eit bilde. Det ein ser på bildet, heilt konkret, er motivet. Ofte målar også ein målar ut frå eit motiv som vedkommande har framfor seg. Oppgåvene under tar opp nokre typiske tema og/eller motiv som kan vere interessante å gå nærmare inn på.

#1	Cowboy-motivet går igjen i fleire bøker og filmar. Korleis blir "det ville vesten" skildra? Vel eitt eller to verk med dette motivet. Er karakterane typiske romanfigurar? Kva eigenskapar har dei såkalla cowboyane (både indre og ytre)? Er dei heltar eller antiheltar?
#2	Kiosklitteratur er eit omgrep for litteratur som er lettles og rekna for eit breitt publikum. Kva er det, når oppstod det og kvifor har det blitt såpass populært? Kva tema går igjen i denne typen litteratur? Finn døme på forfattarar som skriv såkalla kiosklitteratur. Drøft kvifor vi har fått eit slikt fenomen.
#3	Klimaproblem dukkar stadig oftare opp som tema i ungdomslitteraturen. <i>Bouvetøya 2052</i> av Lars Mæhle og <i>Verdensredderne</i> av Simon Stranger er døme på dette. Bruk ei av dei nemnte bøkene, eller andre bøker du kjenner der klimaproblem er i fokus. Finn døme frå teksten på at lesaren får nødvendig informasjon om klimautfordringar og kan få nye perspektiv på dette. Drøft deretter korleis slike bøker kan bidra til at samfunnet og politikarane kjem fram til gode løysingar.
#4	Kriminalromanar har høge salstal i Noreg. Kvifor er drap eit såpass populært motiv å skrive om? Og kvifor er hat og drap så populære å lese om? Vel to krimromanar du kjenner, gjerne ungdomsromanar, og få fram kva som driv spenningskurva oppover. Vis med døme frå bøkene. Drøft i kva grad det må drap og krim til for å skape spenning i ei bok.
#5	Sjukdom er motiv for mange populære ungdomsromanar. Døme på dette er <i>I et speil i en gåte</i> av Jostein Gaarder og <i>Faen ta skjebnen</i> av John Green. Kva er det med sorg og død som gjer slike bøker så populære? Vis eksempel på at sjukdom bidrar til å bygge opp spenning i to bøker der dette er i fokus. Drøft deretter kvifor folk, og kanskje spesielt ungdom, likar å lese om dette.
#6	Mange bøker og filmar for ungdom i dag fell innanfor fantasy-sjangeren. Vel to fantasy-verk som du kjenner til og studer desse nærmare. Kva tema ligg bak desse veldig fantasifulle og oppdikta universa og miljøa? Korleis kan fantasy-litteraturen bidra til å få fokus på viktige tema? Kan fantasy-bøker få fram budskapar som ikkje «vanleg» litteratur om den verkelege verda får fram?
#7	Superheltemotivet går igjen i mange bøker og filmar. Ein interessant superhelt som har markert seg i i teikneserieform i det siste er <i>The Urban Legend</i> av Josef Yohannes. Studer kva som går igjen av tema i dei ulike forteljingane om denne karakteren. Du kan godt samanlikne med ein annan superhelt også. Kva eigenskapar har superheltane? Kva eigenskapar er spesielle for <i>The Urban Legend</i> ?

Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori C: språk i litteraturen



Noreg har ei interessant og samansett språkhistorie, både med tanke på skriftspråk og talemål. Bøker kan ha innslag av dialekt, sosiolekt, forkortingar, emojiar, ungdomsspråk eller anna. Norske bøker kan i tillegg vere på anten nynorsk, bokmål eller samisk.

Under følgjer ei rekke oppgåver tilknytt språket i både eldre og nyare litteratur og språkutvikling.

#1	Bøkene <i>Alle utlendingar har lukka gardiner</i> av forfattar Maria Navarro Skaranger og <i>Tante Ulrikkes vei</i> av Zeshan Shakar er meir eller mindre skrivne på kebabnorsk. Vis korleis denne eller andre multietnolektar er brukte i nyare litteratur. Drøft kva dette kan tilføre litteraturen vår. Kan det også vere problematisk?
#2	Mange nyare romanar, spesielt ungdomsbøker, har innslag av ungdomsspråk, SMS-språk og forkortingar. Vis eksempel frå bøker du kjenner og reflekter rundt korleis dette kan vere med å påverke ungdom som les desse bøkene. Er dette positivt eller negativt for utviklinga av språket vårt? Drøft.
#3	<i>Ringenes herre</i> er døme på eit litterært verk der forfattaren har utvikla eit eige språk. Bruk anten <i>Ringenes herre</i> som utgangspunkt, eller finn ei anna bok der forfattaren har utvikla eit eige språk for den fiktive verda si. Vis døme på enkeltord og forklar betydninga. Få fram indikasjonar på korleis språksystemet er bygd opp og samanlikn med vårt eige språksystem. Drøft kva dette gjer med interessa og innlevinga til lesaren.
#4	Bruk av banneord i litteraturen har stadig utfordra lesarar og kritikarar. Har det noko for seg å bruke språket på denne måten i litteraturen? Finn døme frå bøker du kjenner og samanlikne bruken av banneord i ulike samanhengar. Drøft korleis banning kan bidra til å løfte eit litterært verk og eventuelt i kva grad det også kan opplevast som unødvendig og direkte støyande.
#5	Barnelitteratur og vaksenlitteratur/ungdomslitteratur kan ha eit ganske ulikt språk. Finn tilbake til ei bok du hugsar veldig godt frå du var liten og ei bok som du har lese i løpet av det siste året. Samanlikn språket i desse bøkene. Kva er skilnaden? Kvifor er det slik? Bruk eksempla til å drøfte.
#6	Den norrøne sagalitteraturen, som <i>Heimskringla</i> og <i>Njåls saga</i> , har eit ganske unikt og direkte språk. Vel eit utdrag som du kan studere nærmare. Korleis er dette språket samanlikna med språk i nyare litterære verk? Korleis er ordbruken? Kva med setningslengda?
#7	Mange les bøker på både nynorsk og bokmål, mens andre held seg til den målforma dei er mest komfortable med. Kva har vi å vinne på å lese bøker på begge målformer og utfordre språkøyet vårt? I kva grad kan det i tillegg bidra til å gjere det lettare å bli god til å skrive? Finn meningsytringar i form av artiklar, debattforum på nettet eller i aviser. Drøft korleis det å lese bøker på to skriftspråk kan ha både fordelar og ulemper.

Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori D: religion i litteraturen



Religion står sentralt hos mange forfattarar. Oppgåvene under trekker fram verk der religion spelar ei rolle, i større eller mindre grad. Dersom du kjenner andre verk som tar opp religiøse motiv eller tema, er det sjølvsagt fritt fram å bruke desse i staden for.

#1	Dan Brown har skrive populære spenningsbøker som <i>Da Vinci-koden</i> og <i>Engler og demoner</i> . Her utfordrar han bakgrunnen til nokre av dei store religionane., først og fremst katolsk kristendom. Studer bøkene og hent ut døme frå teksten som viser bruk av religiøs symbolikk. Vis minst tre døme som du forklarar og drøftar. Du kan også vise til filmatiseringane av bøkene.
#2	I stykket <i>Et dukkehjem</i> har Henrik Ibsen lagt handlinga til julaftan og julefeiringa. Det er også fleire signal i stykket som peikar mot religiøs symbolikk. Finn døme på korleis religionen er brukt i stykket og reflekter over kva dette gjer med verket.
#3	<i>Sataniske vers</i> av Salman Rushdie er eit døme på ei bok som på grunn av religiøse motiv skapte enormt oppstyr då ho kom ut. Finn ut kva som skjedde i samband med denne utgjevinga. Vis døme frå teksten som kan lenkast til religiøse motiv og drøft forholdet mellom ytringsfridom og religion. Her kan du også trekke inn dagsaktuelle debattar!
#4	Både <i>Bibelen</i> , <i>Koranen</i> og andre religiøse verk er rekna som stor litteratur. Finn døme på metaforar, besjeling, kontrastar eller andre litterære verkemiddel i utdrag frå ei av desse store religiøse rettesnorene. Drøft bruken av språklege verkemiddel for å få fram ein budskap. Kan slike verkemiddel gjere det lettare for folk å praktisere religionen sin?
#5	<i>Ringenes herre</i> følgjer mange av dei same mønstra som forteljingane i <i>Bibelen</i> . Kampen mellom det gode og det vonde er eit gjennomgangstema. Korleis kjem forholdet mellom det gode og det vonde til uttrykk i <i>Ringenes herre</i> ? Korleis foregår denne kampen? Her kan du velje ei av bøkene i trilogien og sjå nærmare på, om du vil.
#6	Bruk novella <i>Matt. 18.20.</i> av Tor Åge Bringsværd som utgangspunkt, og studer korleis forfattaren brukar religion for å få fram budskapet sin. Kva er det med religionen her som skaper spenning? Finst det også religiøse symbol i denne teksten?
#7	<i>Sofies verden</i> av Jostein Gaarder er ein roman som utfordrar livssynet vårt og som gjer filosofi rundt eksistensen vår litt lettare tilgjengeleg. Få fram kva for filosofar Gaarder har fokus på. Vel ut nokre problemstillingar som blir stilt i boka og forklar korleis desse blir drøfta i boka.

Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori E: sosial kontroll



Temaet sosial kontroll er i vinden både i skjønnlitteratur og sakprosa. Omgrepet kan vere relevant i samband med eldre og nyare litteratur. Strengt tatt er det ganske mange bøker og tekstar som sveipar innom temaet på eitt eller anna vis.

Før ein gir seg i kast med ei av oppgåvene under, kan det vere lurt å undersøke og sette seg inn i korleis omgrepet blir definert. Store norske leksikon har ein god definisjon som kan vere

#1	Mange bøker tar direkte eller indirekte opp temaet sosial kontroll. <i>Et dukkehjem</i> kan vere eit døme på dette, men vi har også fleire bøker i nyare tid som rettar fokus mot dette fenomenet. Samanlikn temaet sosial kontroll i eldre og nyare litteratur. Kva er forskjellen? Kva sider av samfunnet blir problematisert? Finst det likskapstrekk før og no? Drøft.
#2	Blogg og sosiale medium er blitt ein stor del av kvardagen til både ungdom og vaksne. Fleire bøker tar for seg dette. Bøkene <i>Veslebror ser deg</i> av Cory Doctorow, <i>Eksperimentet</i> av Harald Nortun, <i>Kjære søster</i> av Alf Kjetil Walgermo og <i>Ryktet</i> av Ingeborg Arvola er nokre døme. Vel ei av desse eller andre bøker du kjenner og drøft korleis plattformer som til dømes Facebook, Instagram og Snapchat blir framstilte. Sit ein igjen med eit positivt eller negativt inntrykk av kva desse plattformene tilfører samfunnet og menneska?
#3	Boka <i>Skamløs</i> er ei samling av ulike tekstar som tar opp ulike kulturelle og samfunnsmessige utfordringar. Les eit utval av tekstane og drøft desse opp mot temaet sosial kontroll. Korleis er denne boka med på å definere omgrepet? Kva kan boka seie om utfordringar som nokre unge opplever i Noreg i dag? Kvifor er denne boka viktig?
#4	<i>To søstre</i> av Åsne Seierstad er ei dokumentarisk bok som handlar om to norske jenter som reiser til Syria, der borgarkrigen herjar for fullt. Kva for ulike utfordringar møter dei to jentene både i det norske samfunnet, men også etter at dei reiser frå Noreg? Kva er årsakene til at dei hamnar i denne vanskelege situasjonen? Bruk døme frå ulike delar av boka til å vise korleis jentene møter miljø som blir eit problem i staden for ei hjelp i livet.
#5	<i>Jonas</i> av Jens Bjørneboe og <i>Gift</i> av Alexander Kielland er to bøker som rettar fokus mot skulesystemet. Her blir tema som klassisk danning og latinskulen problematisert. Gjennomfør ei samanlikning av synet på skulesystemet i desse to verka. Drøft gjerne også opp mot innlegg du finn i dagens aviser om det same temaet.
#6	Bokserien <i>Dødslekene</i> (<i>The hunger games</i>), som også er filmatiserte, er blitt veldig populære. Korleis blir temaet sosial kontroll problematisert i desse bøkene? Trekk ut konkrete døme på oppbygging av system, enkeltepisodar og hierarki som kan vise sosial kontroll. Dette er ein form for fantasy-litteratur, men kan det likevel vere utgangspunkt for drøfting av samfunn som finst? Kan det vere relevant med tanke på vårt eige samfunn?
#7	Skjønnlitteratur kan bidra til at ein får innsikt i andre skjebnar, andre liv, andre miljø på ein litt enklare måte enn om ein skulle levd alle desse liva sjølv. Mange nyare norske ungdomsromanar tar opp møtet mellom den norske kulturen og framande kulturar. Døme på populære ungdomsbøker er <i>Alle utlendingar har lukka gardiner</i> , <i>Skitten snø</i> og <i>Tante Ulrikkes vei</i> . Vel ei bok som tematiserer dette kulturmøtet og trekk fram døme på at det kan vere utfordrande. Drøft ut frå døma korleis skjønnlitteraturen kan vere med å hjelpe oss til innsikt og forståing for menneske sine forsøk på å bli integrert og akseptert i det norske samfunnet.

Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori G: bok og film



+



#1	Når ei bok blir filmatisert, diskuterer ein ofte i kva grad boka eller filmen er best. Samanlikn ei bok du har lese, som er filmatisert, med filmversjonen. Kva er forskjellane og likskapane? Har filmskaparane tolka og framstilt sentrale rollefigurar på ein heilt annan måte enn du hadde sett føre deg då du las boka? Korleis er miljøet? Er noko tatt bort eller lagt til i filmen? Vis med døme frå begge verka.
#2	<i>13 gode grunner</i> av Jay Asher er ei bok som er laga tv-serie av. Denne serien blei veldig omdiskutert fordi mange meinte han kunne få sjølv mord til å verke som ein god utveg. Kvifor kom ikkje denne diskusjonen etter boka? Ta for deg tendensen til at fleire og fleire vel å sjå tv-seriar framfor å lese. Kva er det med tv-serien som gjer at han provoserer i større grad enn boka? Reflekter også over korleis denne utviklinga kan komme til å bli vidare.
#3	Både bøkene og filmene om Harry Potter er særskild populære blant både barn, ungdom og vaksne. Korleis blir det oppdikta universet rundt Galtvort høgere skole for hekseri og trolldom framstilt i boka samanlikna med filmen? Finn døme som viser at filmskaparane har bygd vidare på dei skildringane som står i bøkene. Her kan du velje å ta utgangspunkt i til dømes den første filmen og boka, slik at du avgrensar omfanget av kjelder.
#4	<i>Faen ta skjebnen</i> av John Green er tittelen på ei populær ungdomsbok som nyleg er filmatisert. Samanlikne boka og filmen og rett fokus mot kva som bidrar til å få fram mest kjensler hos deg som lesar og sjåar. Klarer filmen å skape like mykje trist stemning som boka? Kva scener er det som gjer at ein blir rørt. Kan ein bli meir rørt av ei bok enn av ein film, eller omvendt? Reflekter over kva som skal til for å røre ein lesar og sjåar.
#5	Roald Dahl er ein norskætta forfattar som er kjent for dei kreative universa sine og dei mangfaldige barne- og ungdomsbøkene han har skrive. Vel ei av bøkene du kjenner til og drøft korleis filmversjonen (nesten alle dei mest kjende bøkene til Dahl er filmatiserte) løysar dei noko overnaturlige innspela i historiene hans. Vis med døme frå både bok og film.
#6	Astrid Lindgren er ein kjend og kjær forfattar som har skrive både skumle og morosame bøker for barn. Mange av desse finst også i filmversjon. Vel ei av bøkene eller bokseriane hennar og gjer ei samanlikning av framstilling i bok og på film. Avslutt med ei godt grunngitt eiga mening om kva som fungerer best.
#7	Vel tre bøker du kjenner som er blitt filmatisert. Korleis startar filmene samanlikna med bøkene? Er innleiinga i medias res? Kva har starten på filmen og boka å seie for korleis lesaren og sjåaren blir fanga og vil halde fram å lese boka og sjå filmen? Er det lettare å bli fanga av ein film enn av ei bok? Drøft.


Fordjupingsoppgåver i litteratur

Kategori H: tradisjonelle fordjupingstema



Nokre tema går aldri av moten. Den norske litteraturarven er verd å trekke fram i (nesten) dei fleste samanhengar! Under følgjer eit knippe oppgåver som eignar seg dersom du ønskjer å dykke inn i den klassiske litteraturen vår. Oppgåvene går sjølvstøt an å kombinere med eit blikk på noko meir moderne. Samanlikning av eldre og nyare litteratur kan vere interessante studium i seg sjølv.

#1	Amalie Skram er ein forfattar som skreiv kjende verk innan naturalismen i norsk litteraturhistorie. Kva kjenneteiknar denne litteraturen? Kva tema blei tatt opp? Vel eit eller to verk som du brukar som døme frå denne perioden. Drøft korleis Skram fekk fram bodskapa sine gjennom litteratur.
#2	I stykket <i>Et dukkehjem</i> av Henrik Ibsen har vi kjønnsroller som eit sentralt tema. Nora blir i mange samanhengar referert til som ei kvinne som får fram tradisjonelle kvinnelege eigenskapar, samtidig som ho bryt med andre tradisjonar. Vis døme frå stykket som viser kjønnsrollene. Korleis bidrog og bidrar dette stykket i debatten om likestilling og kjønnsroller?
#3	Dei fire store er eit omgrep som blir forbunde med norsk litteraturhistorie. Kvifor blei fire meir eller mindre framleis kjende forfattarar kalla for dette? Kva skreiv dei om og kva periode var dette? Finn bakgrunnen for fenomenet og gi eit kort innblikk i tema som desse fire skreiv om i den perioden dei var aktive.
#4	"Å sette problem under debatt" er eit kjent uttrykk i litteraturhistoria. Finn døme på litteratur som var aktuell i perioden dette uttrykket oppstod. Vis med døme korleis uttrykket var ein del av litteraturen og drøft om det framleis er aktuelt i dag.
#5	Ein roman inneheld alltid minst ein konflikt. Vel ein eller to romanar du har lese i løpet av dei to siste åra. Samanlikne utviklinga av hovudkonflikten i desse bøkene. Korleis får forfattaren spenninga til å stige eller konflikten til å utvikle seg eller eskalere? Her kan det vere like interessant å samanlikne bøker innanfor same sjanger som bøker i ulik sjanger.
#6	Besjeling er eit effektfullt verkemiddel som ofte er brukt i lyrikken. Eit klassisk døme på dette er diktet <i>Landskap med gravemaskiner</i> av Rolf Jacobsen. Det kan også brukast i romanar på eit større plan, og spesielt i barnebøker. Finn døme på at besjeling er brukt gjennomgåande i eit verk. Kva konkrete døme kan du trekke fram frå teksten? Kva gjer besjelinga med verket?
#7	Folkeeventyr er opphavleg ein munnleg tradisjon, der historiene etter kvart har blitt nedskrivne. Kunsteventyr er ein litt annan type eventyr der vi kjenner forfattaren. Samanlikne eit folkeeventyr med eit kunsteventyr. Kva likskapar og skilnader finn du? Er det store forskjellar i bruken av språklege verkemiddel? Kva måte å lage eventyr på fungerer best? Drøft.



Håret til topps i norskfaget?

Elever på alle nivåer kan skrive om hår. I dette nummeret av Norsknytt byr vi på hår i kryssord, kommaoppgaver, kildeoppgaver og skriveoppgaver. Til sammen utgjør kopioriginalene om hår et sammenhengende undervisningsopplegg som kan vare i flere uker.

For elevene kan det virke som en absurd tanke at en undervisningsperiode i norsk skal ha hårstrå som omdreiningspunkt. Et slikt motivvalg kan i seg selv skape nysgjerrighet og engasjement. Hvor mye går det egentlig an å skrive om hår?

En mulig start på undervisningsperioden kan være å la elevene skrive ned ord som har med hår å gjøre. Fyller læreren deretter på med fire kryssord der alle løsningsordene er «hårord», får elevene etter hvert et godt grunnlag for å uttrykke seg presist om ulike former for hårvekst og frisyser. De to kommaoppgavene inneholder en rekke tanker om hår – og dessuten mange faste uttrykk med både en bokstavelig og en overført betydning.

Veksling mellom teksttyper

Ved å bygge opp elevenes kunnskaper og interesse for hår er grunnlaget lagt for utfordrende skriveoppgaver knyttet til ulike teksttyper. Læreplanen sier at elevene skal kunne skrive *kreative, informerende, reflekterende og argumenterende* tekster. På skriveoppgavearket splitter vi de *kreative* tekstene opp i *fortellende* og *ekspressive* tekster – og vi føyer til *beskrivende, forklarende og instruerende* tekster. I klasserommet kan det være lurt å diskutere hva som kjennetegner de ulike teksttypene.

Lurere enn å servere alle de åtte skriveoppgavene samlet, kan det være å servere

oppgavene én og én. Hvis elevene får sju minutter til hurtigskrivning for hver oppgave, kan kanskje elevene i etterkant vurdere hvilke tekster de er mest fornøyd med og vil bygge videre på? Blir oppgavene for åpne for elevene, har vi i punktlisten nedenfor tips om hvordan oppgavene kan snevres inn.

Eksplisitt opplæring i kildebruk

Det siste elementet i Norsknytt's «hårpakke» gjelder kildebruk. Elevene skal etter 10. trinn kunne «integre, sitere og referere relevante kilder», men får de det til?

Vi foreslår eksplisitt opplæring i kildebruk ved hjelp av eksempeltekst, oppgitte kildeopplysninger og referanseverktøyet i *Word*. Hvis elevene bruker *Word*-funksjonen, trenger de faktisk ikke tenke på kildeopplysningenes rekkefølge i kildelisten: *Word* ordner alt. Av erfaring vet vi at elevene oppriktig gleder seg over den fiks ferdige kildelisten som til slutt popper opp.

De viktigste instruksjonene finnes på elevenes oppgaveark. Lærere som er usikre på referatverktøyet, kan ha glede og nytte av å se opplæringsvideoer på *YouTube*: Bruk «referanseverktøy» som søkeord. Vær dessuten oppmerksom på at funksjonen ikke finnes i *Word Online*, og at PC og Mac har litt ulike menylinjer.

Forslag til spissede skriveoppdrag om hår

- *Beskriv* frisyrene som du ser på bildet. (Tips til læreren: Lag en kolasj, vis med projektor.)
- *Fortell* en historie der noen finner avklippet hår på et uventet sted.
- *Informér* et norsktalende romvesen om hva hår er.
- *Argumentér* i et leserinnlegg for eller mot å bruke skamklipping som straffemetode.
- *Forklar* en venn forskjellen på ulike frisyser og hva slags signaler frisyrene sender.
- *Reflekter* over hvorfor noen mennesker river seg i håret.
- *Skriv en instruksjon* om hvordan man vasker håret til en person som må ha alt inn med teskje.
- *Skriv en (ekspressiv) tekst* der du uttrykker følelser knyttet til hårlengde.

Åtte skriveoppgåver om hår – knytte til skrivehandlingar



Oppgåve 1

Skriv ein *forteljande* tekst der hår spelar ei viktig rolle.

Tips: Du kan bruke fantasien og *fortelje* om ei hending som du diktar opp. Du kan også *fortelje* om noko som du faktisk har opplevd.



Oppgåve 2

Skriv ein *instruerande* tekst om hår.

Tips: Når du skal instruere, er det viktig å gi instruksjonane i riktig rekkefølge. Skriv slik at instruksjonane dine er eintydige og lette å forstå.



Oppgåve 3

Skriv ein *informierende* tekst om hår.

Tips: Du kan hente fram kunnskap om hår frå hukommelsen og bruke faktaopplysningar for å *informere* lesaren. Skriv på ein sakleg og nøktern måte. Vis omsyn til kunnskapsnivået til lesaren.



Oppgåve 4

Skriv ein *beskrivande* tekst om hår.

Tips: Når du skal *beskrive* noko, er det viktig å ha eit presist og variert ordforråd. Bruk adjektiv og samanlikningar når du skriv.



Oppgåve 5

Skriv ein *forklarande* tekst om hår.

Tips: Når du skal *forklare* noko, er det viktig at du får fram alle ledda i tankerekkje, elles kan det vere vanskeleg for lesaren å forstå deg.



Oppgåve 6

Skriv ein *reflekterande* tekst om hår.


Tips: Når du skal *reflektere* over noko, kan du ta utgangspunkt i eigne observasjonar eller opplevingar. Still gjerne spørsmål til lesaren. Du kan også reflektere ved å *kommentere* eller *vurdere* noko.



Oppgåve 7

Skriv ein *argumenterende* tekst om hår.

Tips: Når du skal *argumentere*, prøver du å overtale eller overtyde lesaren om eit standpunkt. Du kan bruke eitt argument – eller fleire. Av og til kan det vere lurt å imøtegå tenkte motargument.



Oppgåve 8

Skriv ein *ekspressiv* tekst om hår.

Tips: Når du skal skrive *ekspressivt*, skal du få fram ein følelse – for eksempel frustrasjon eller glede. Bruk både fullstendige setningar og setningsfragment når du skriv. Du kan til dømes velje å skrive eit moderne dikt!

Korleis referer vi til kjelder på riktig måte?

Når du fører opp kjelder, gjer du teksten din meir truverdig, og du hjelper lesarar som vil leite seg fram til meir stoff på eiga hand. Det finst fleire måtar å referere til kjelder på. I fagartiklar bør vi bake kjeldene inn i brødt teksten og i tillegg lage ei kjeldeliste plassert heilt til slutt.

Reglane for kjeldeføring er mange og komplekse. Den aller beste løysinga er å bruke referanseverktøyet til *Word* eller tilsvarande program, for då blir alt riktig. Unngå *Word Online*, for den versjonen inneheld ikkje dei funksjonane du treng.

Når du skal føre opp kjelder i PC-versjonen av *Word*, set du markøren rett etter sitatet eller faktaopplysninga i brødt teksten. Deretter vel du «Referanser» frå menylinja, «Sett inn sitat» og «Legg til kilde». Då får du opp eit skjema som du skal fylle ut.

Når du seinare skal lage kjeldeliste, vel du på nytt «Referanser» frå menylinja, deretter «Bibliografi» og «Sett inn bibliografi». Då kjem kjeldelista opp av seg sjølv.

OPPGÅVE: Skriv av teksten nedanfor. Bruk referanseverktøyet og erstatt parentestekstane med kjeldeopplysningar frå tabellen. Til slutt skal du bruke *Word* til å lage ei automatisk kjeldeliste.

Hårvekst i norsk litteratur

Av Heidrun Ørstavik

TEKST TIL FORORDET?

I alle år har eg vore spesielt interessert i menneskehår. To gonger har eg vore i London for å sjå musikalen *Hair*, på soverommet har eg tapetsert veggane mine med teikningar av Harald Hårfagre, og fleire gonger har eg fått hardikt på trykk i lokalavisa mi, *Møre-Nytt*. Då eg fekk vite at vi i norskfaget skulle lage ei fordjupingsoppgåve, var eg ikkje i tvil. Overskrifta måtte bli *Hårvekst i norsk litteratur*.

TEKST TIL HOVUDD delen?

I denne fordjupingsoppgåva gapar eg høgt. Eg skal samanlikne Lars Saabye Christensens roman *Herman* (**KJELDE 1, DROPP SIDETAL**) med Erik Fosnes Hansens roman *Løvekvinnen* (**KJELDE 3, DROPP SIDETAL**).

Christensen er i *Store Norske Leksikon* omtalt som ein forfattar med «Fin menneskeforståelse, ikke minst av unge mennesker i outsiderposisjoner» (**KJELDE 7**). I *Norsk barnelitteraturhistorie* står det skrive at fleire av dei bøkene som no er rekna som ungdomsbøker, opphavleg vart marknadsførte som vaksenbøker (**KJELDE 6**).

Eit digitalt søk i *Herman* viser at ordet «hår» blir brukt 52 gonger i romanen, medan «håret» blir brukt 76 gonger. Det er altså ikkje tvil om at hår er eit heilt sentralt motiv i romanen. Hovudpersonen Herman, som mistar håret, tenkjer tidleg i romanen på ei hårfager jente i klassen: «(...) Herman tenker plutselig på Ruby, alt det røde håret hennes, det er ikke helt umulig at det er fugler i det, kanskje en dompap, eller iallfall en kolibri» (**KJELDE 1, MED SIDETAL**). Herman tenkjer også på håret til kassadama Eva, slik vi opplever det i opningsreplikken i spelefilmen: «Hvorfor har du netting på hodet?» (**KJELDE 2**).

Hovudpersonen i *Løvekvinnen*, Eva, har den sjeldne sjukdomen hypertrikose, som fører til ekstrem hårvekst på store delar av kroppen. I spelefilmen får faren sjå barnet og seier: «Det der er ikke noe barn» (**KJELDE 4**). Faren blir likevel framstilt på ein meir sympatisk måte i filmen enn i boka, for filmskaparane ville sikre seg gode publikumstal (**KJELDE 5**).

	KJELDEOPPLYSNINGAR	MOGLEGE SITAT FRÅ KJELDENE
1	Kildetype: Bok Forfatter: Christensen, Lars Saabye Tittel: Herman Poststed: Oslo Utgiver: J.W. Cappelens Forlag A/S Side: 17 År: 1988	«(...) Herman tenker plutselig på Ruby, alt det røde håret hennes, det er ikke helt umulig at det er fugler i det, kanskje en dompap, eller iallfall en kolibri»
2	Kildetype: Film Tittel: Herman Regissør: Gustavson, Erik År: 1990	«Hvorfor har du netting på hodet?»
3	Kildetype: Bok Forfatter: Hansen, Erik Fosnes Tittel: Løvekvinnen Poststed: Oslo Utgiver: Cappelen Damm Side: 10 År: 2006	«Inghildur, den kvinnelige varulv fra Island, oppdratt av ulver og talende ulvesproget»
4	Kildetype: Film Tittel: Løvekvinnen Regissør: Idsøe, Vibeke År: 2016	«Det der er ikke noe barn.» «Men alle de hårene ... Når forsvinner de?» «Om jeg bare hadde vært like pen som deg.»
5	Kildetype: Artikkel i tidsskrift (egentlig avis) Forfatter: Furuly, Jan Gunnar Tittel: Skrev helt ny slutt for Løvekvinnen Tidsskrifttittel: Aftenposten År: 2016 Måned: august Dag: 21 Side: 3 (del 2)	«Boka slutter på en litt mørk måte, og jeg skjønte fort at vi trengte en litt annerledes utgang når vi skulle lage film av dette.» (sier Erik Fosnes Hansen)
6	Kildetype: Bok Forfatter: Birkeland, Tone; Risa, Gunvor; Vold, Karin Beate Tittel: Norsk barnelitteraturhistorie Poststed: Oslo Utgiver: Det Norske Samlaget Side: 374 År: 1997	«Lars Saabye Christensen (1953–) sine oppvekstromanar er til dømes marknadsførte som vaksenbøker, men fleire har funne vegen til ungdomen, ikkje minst gjeld det <i>Herman</i> (1988) og <i>Gutten som ville være en av gutta</i> (1992).»
7	Kildetype: Webområde Forfatter som organisasjon: Norsk Forfattersentrum Navn på website: Lars Saabye Christensen Navn på webområde: Store Norske Leksikon URL: https://snl.no/Lars_Saabye_Christensen År (sist oppdatert): 2017 Måned (sist oppdatert): april Dag (sist oppdatert): 23 Besøksår: 2018 Besøksmåned: februar Besøksdag: 12	«Fin menneskeforståelse, ikke minst av unge mennesker i outsiderposisjoner» (om Lars Saabye Christensen)

Hårete oppgaver 1



Oppgave 1: I ytringene nedenfor er ord og uttrykk uthevet med **fet skrift**. Hva betyr ordene/uttrykkene? Tenk bokstavelig/overført betydning.

Oppgave 2: I ytringene nedenfor skal det være minst ett komma. Sett komma på rett plass, og skriv inn i boksen til venstre nummeret til den kommaregelen du har brukt!

- ☐ «**Du skal ikke skue hunden på hårene**» sa naboen min om den smellvakre bilselgeren.
- ☐ Petter kjørte dere DNA-analyse på hårstrået som morderen mistet på åstedet?
- ☐ Moren var kravstor så det var best å **stryke henne med hårene**.
- ☐ Onkel Georg som er skallet er **hårsår** og lar seg lett irritere av hår i maten.
- ☐ – Jeg liker deg akkurat like godt som **hår i suppa** sa han til svigermoren.
- ☐ I 2016 ble det avslørt at François Hollandes Frankrikes president hadde sin egen frisør med 90.000 kroner i månedslønn.
- ☐ Hun brukte hijab for å skjule håret og for å unngå å friste mannfolk men mange forelsket seg i henne likevel.
- ☐ Da han ble 50 år gammel la han merke til at det vokste mer hår i ørene og i neseborene.
- ☐ Frisyren til Pogba var **ikke et hår bedre** enn frisyrene til Neymar Messi og Ramsey.
- ☐ Jo frisøren fra Bryne ble dømt da hun nektet en hijabkledd kvinne adgang til salongen.
- ☐ Håret som ble klippet av 140.000 ofre i Auschwitz ligger ennå utstilt.

Her er de ti viktigste kommareglene!

1. Vi setter komma etter leddsetningen når den står først i helsetningen.
2. Vi setter komma etter som-setninger.
3. Vi setter komma både foran og etter som-setninger som er «unødvendige».
4. Vi setter komma for å skille sideordnede helsetninger.
5. Vi setter alltid komma foran ordet «men».
6. Vi setter komma før og etter innskutte ledd.
7. Vi setter komma ved oppramsing.
8. Vi setter komma mellom utsagn og utsagnsverb.
9. Vi setter komma ved svarord.
10. Vi setter komma ved tiltaleord.

Hårete oppgåver 2



Oppgåve 1: I ytringane nedanfor er ord og uttrykk utheva med **feit skrift**. Kva tyder orda/uttrykka? Tenk både på bokstavleg og overført tyding.


Oppgåve 2: I ytringane nedanfor skal det vere minst eitt komma. Set komma på rett plass, og skriv inn i boksen til venstre nummeret til den kommaregelen som du har brukt!

- ☐ Han **sat med skjegget i postkassa** for han hadde satsa alt på å bli kjærast med Maria.
- ☐ Thorbjørn Jagland som sat i frisørstolen då forgjengaren Gro Harlem Brundtland peikte på han som Noregs neste statsminister fekk straks lyst til **å slå ut håret**.
- ☐ «**Ein kan ikkje klippe håret av ein som er skalla**» sa oldemor då huseigaren kom for å krevje inn husleiga.
- ☐ Kvifor greier Tormod sosiallæraren vår aldri å **skilje mellom snørr og bartar**?
- ☐ Før finalen hadde sprintarane fått beskjed om å **løfte seg sjølv etter håret** men dei valde i staden å redusere luftmotstanden ved å barbere av seg legghåra.
- ☐ Skriv du under kontrakten eig fotballklubben deg **med hud og hår**!
- ☐ Gud eg lover at eg frå no av aldri skal **gi nokon grå hår**.
- ☐ Nei dette er ein jobb for **folk med hår på brystet**.
- ☐ Det lange håret som Rapunzel sleppte ut av det høge tårnet der ho var fanga brukte den vakre prinsen for å klatre opp til henne.
- ☐ Eva Ada Ina og alle dei andre elevane syntest det var **hårreisande** at dei fekk råd frå forskarane om berre å bruke sjampo to gonger i veka.
- ☐ Då eleven påstod at han hadde fått vondt i håret av å lese så mykje kjende læraren at **nakkehåra reiste seg**.

Her er dei ti viktigaste kommareglane!

1. Vi set komma etter leddsetninga når ho står først i heilsetninga.
2. Vi set komma etter som-setningar.
3. Vi set komma både framfor og etter som-setningar som er «unødvendige».
4. Vi set komma for å skilje sideordna heilsetningar.
5. Vi set alltid komma framfor ordet «men».
6. Vi set komma før og etter innskotne ledd.
7. Vi set komma ved oppramsing.
8. Vi set komma mellom utsegn og utsegnsverb.
9. Vi set komma ved svarord.
10. Vi set komma ved tiltaleord.

HÅRKRYSS #1



VANNRETT

1. Hodebedekning av løst hår
2. Nål med to greiner til å feste oppsatt hår med
4. Sauehår
8. Skjegg på overleppa
10. Frisyre som er typisk for pønkere
11. Ung gutt eller mann med langt hår
12. Skjegg ser ut som det er tre dager gammelt
13. Hår i nesebor



LODDRETT

1. Kjønnshår
3. Frisyre hvor alt håret er flettet i svært tynne fletter, ofte dekorert med perler
5. Frisyre som minner om hannløvens hårvekst
6. Mann med langt og mye skjegg
7. Kunstig skjegg
8. Årlig begivenhet hvor menn anlegger bart i november måned for å skape oppmerksomhet rundt mannlige kreftsykdommer
9. Bløtt spirende skjegg
10. Masse med gelékonsistens brukt for å forme frisyre


MULIGE LØSNINGSORD:

Nedenfor finnes alle løsningsordene i kryssordet - og enda ett ord. Hvilket ord er overflødig?

hanekam • hårgele • hårnål • kristusskjegg • langhåring • løsskjegg • løvemanke • movember
mustasje • nesehår • parykk • pubes • rastaflette • skjeggdun • skjeggis • tredagersskjegg

EKSTRAOPPGAVE: Forklar alle ordene i tekstboksen ovenfor uten å se på stikkordene!

HÅRKRYSS #2



VANNRETT

2. Frisyre hvor håret er festet med en strikk eller liknende i nakken og ellers henger løst
5. Frisyre hvor håret er gredd bakover med et fett hårprodukt
7. Diskusjon om uvesentlige detaljer
10. Klebrig masse brukt til å forme frisyre
11. Frisyre hvor håret er gredd fra siden over en skallet isse
12. Parykk

LODDRETT

1. Bustete hår
2. Mørk, kort, markert bart rett under nesen
3. I uttrykket «være født med ... i ræva», synonymt med å «være født med en sølvskje i munnen»
4. Kinnskjegg
6. Frisyre med bustete hår i bakhodet
8. Frisyre hvor håret ligger tett inntil hodet som følge av bruk av lue
9. Juletrepynt av tynt glitter
10. Spøkefullt ord for frisørsalong



MULIGE LØSNINGSORD:

Nedenfor finnes alle løsningsordene i kryssordet - og enda ett ord. Hvilket ord er overflødig?

englehår • fettsleik • gullhår • hentesveis • hestehale • hitlerbart • hårblomst • hårkløveri
hårotek • hårvoks • lammekotelett • luesveis • løshår • pulesveis • tufsehår

EKSTRAOPPGAVE: Forklar alle ordene i tekstboksen ovenfor uten å se på stikkordene!

HÅRKRYSS #3



VANNRETT

1. Hode uten hår
6. Hodehårets avgrensning til ansikt eller nakke
8. Bakovergredd hår; brukes i overført betydning om å bli sjokkert eller sterkt overrasket
9. Frisyre hvor håret er klippet rett av rundt hele hodet (som om man hadde en bolle på hodet under klippingen)
10. Person med mye krøller
11. Frisyre hvor håret er festet i en strikk øverst på hodet

LODDRETT

1. Bart som kan fange opp rennende neseslim
2. Bustete frisyre, som om man ikke har stelt håret etter at man har våknet
3. Frisyre hvor håret faller i to lengder
4. Bøyle som holder håret bakover
5. Frisyre med kortklippet hår som står rett opp
6. Ubetydelig avstand, egentlig bare et hårstrås bredde. Uttrykk: «å være et ... unna døden»
7. Kort og tynn flette


MULIGE LØSNINGSORD:

Nedenfor finnes alle løsningsordene i kryssordet - og enda ett ord. Hvilket ord er overflødig?

bakoversveis • bollesveis • etasjeklipp • grorudpalme • hårbøyle • hårgrense • hårsbredd
krølltopp • munnskjegg • museflette • piggsveis • snauskalle • snørrbrems • sovesveis

EKSTRAOPPGAVE: Forklar alle ordene i tekstboksen ovenfor uten å se på stikkordene!

HÅRKRYSS #4



VANNRETT

1. Spisst tilklippet skjegg
6. Lakk brukt på hår for å bevare frisyre
7. Krapp veisving på 180°, U-sving
8. Spøkefullt om kjennetegn på person fra Midt-Norge; ofte en lang bart med snurr på
9. Skill i vannkjemmet hår
10. Adjektiv for å beskrive en som har mye hår på hodet eller om en som har spesielt vakkert hår
11. Nattsvart, kullsvart hår



LODDRETT

2. Frisyre hvor alt håret er tett samlet og dratt tilbake i en stor, tykk flette nedover nakken
3. Parykk som inngikk i advokatenes embetsdrakt
4. Frisyre med langt hår i nakken og resten kort
5. Skjeggvekst på kinnene



MULIGE LØSNINGSORD:

